

Innvandring og økonomiske utsikter for landet

Innlegget tek berre for seg økonomiske sider ved innvandring og plasserer dei i ein større samanheng. Det er ikkje så mykje ei personleg meiningsstyring, men mest ei formidling av korleis regjeringa ser på saka i Perspektivmeldingen 2017. Innlegget er skrive på grunn av debatt i Vestlandsnytt, og kan vere med å gje bakgrunn for eventuell vidare god debatt.

Det blir fleire pensjonistar per sysselsette og oljeinntektene vil minke. M.a. dette vil skape eit gjennomsnittleg inndeningsbehov i offentlege finansar per tiår i perioden 2030-2060 på 1,7 % av brutto nasjonalprodukt for Fastlands-Norge (1,7 % er av noverande nasjonalprodukt er ca. 45 milliardar). Dette er det såkalla «basisforløpet». Dersom ein lukkast meir enn

basisforløpet føreset på områda Økt sysselsetting (10% høgare enn i 2060) og Mer effektiv forvaltning (1/4 % auka effektivitet per år) kan nødvendig inndeningsprosent reduserast til høvesvis 0,4 og 0,6 %.

Og så siterer eg frå side 217: «Brochmann-utvalget (NOU 2017: 2 Integrasjon og tillit) så blant annet på kon-

sekvenser av innvandring fra ikke-vestlige land for offentlige finanser. Lavere innvandring reduserer inndeningsbehovet noe, først og fremst fordi avkastningen fra Statens pensjonsfond utland deles på færre. Høyere innvandring øker inndeningsbehovet noe, selv om høyere innvandring gir noe høyere befolkningsandel i yrkesaktiv alder. Samlet sett

fremstår utslagene på offentlige finanser som forholdsvis beskjedne».

Som eg har skrive før i Vestlandsnytt. Det gjeld å få nye gagnlege generasjonar i arbeid med godt utstyr og god leiing.

Inge Dyrhol

Plast over alt – i alt

Strandryddeaksjonane har vorte eit årvisst – og naudsyst – værteikn rundt om i landet. Det er no viktig at fleire blir med og bidreg. Difor vil eg oppmøde deg om å nyte ein time av laurdagen din, den 6. mai, slik at ei strand nær deg vert litt ryddigare.

Rydding langs strendene bidreg til å sikre dyrelivet, både i havet og på land. For mange vart kvalen på Sotra med 30 plastposar i magen ei sterk påminning om kva trussel plast utgjer for dyrelivet. Men forsøplinga har skjedd lenge. No er det på tide å ta et skikkelig grep mot øydelegginga av naturen vår.

Kwart år hamnar fleire millionar tonn søppel i verdshava. I Norge dumpar vi årleg 34 000 tonn søppel, berre i Nordsjøen. I tillegg slepp vi ut 8000 tonn mikroplast, altså veldig små plastpartiklar årleg. Havet sluker alt. Men det forsvinn ikkje. Når plasten først har kome ut

i naturen kan den forureine i fleire hundre år fordi plast vert nedbrote svært sakte. Ved norske strender, langs kysten og på havbotnen er det fullt av sneipar, plastflasker, fiskeutstyr, eingongssgrillar, posar, tauverk, gamle dekk, flasker, boksar og glasskåre.

Søppelet øydelegg kysten og havbotnen. Millionar av sjødyr, fisk og fuglar dør årleg ved at dei set seg fast, kuttar seg opp eller et søppel. I Nordsjøen inneheld magane hos 94 prosent av fuglane plast, og store mengder torsk som blir fiska opp har plast i magen. Sjømat full av plast kan øydelegge Norge sitt rykte som havnasjons. Fiskemiddagen blir mindre fristande når vi veit at den kan innehalde mikroplast.

Strandryddedag. Det er likevel mykje vi kan gjøre. Å plukke opp plasten som ligg i fjøra og levere den til gjenvinning er enkelt og effektfullt. I år skal Venstre-folk frå 100 lokallag over heile landet få med seg mange andre frivillige og ta

eit tak for å ta vare på havet. Vi skal rydde langs strender, bekkar, innsjøar og andre stader der det finst mykje søppel. Dette gjer vi som eit ledd i den norske strandryddedagen som finn stad 6. mai – og vi oppmodar alle som har engasjement i saka om å bli med på dugnaden. Saman kan vi redde havet! Dersom avfall som hovudregel vert gjenbrukt, resirkulert og til slutt energigjenvunne har vi lagt grunnlaget for ei bærekraft som tek omsyn til dyrelivet. Samtidig må vi løyse den pågående søppelkrise. Det flyt av søppelberg i verdshava. Dei er groteske manifestasjonar av det vi ser i miniatyr langs våre eigne strender. Vi trur Norge kan bidra med viktig marin kompetanse til å utvikle metodar for å hente opp søppel frå havbotnen, slik at det kan bli resirkulert.

Tiltakspakke. Venstre har de tre siste åra sørga for at også Stortinget gir pengar for å kjempe mot forsøplinga av ha-

vet. Vi har kjempa gjennom 35 millionar kroner til opprydding av norske strender, eit prosjekt der fiskarar fiskar etter søppel, samt ei ordning for vrakpant for fritidsbåtar, slik at vi får slutt på at gamle båtar vert senka i fjordane. Venstre tok også initiativ til å forby mikroplast i kosmetikk og fekk gjennomslag for det. Dette er heilt naudsyste tiltak, men ikkje nok. Norge må ta større grep for å redde havet. I år 2050 vil det vere like mykje plast i havet som fisk dersom vi ikkje tek tak i problemet i åra som kjem. Og den einaste måten det kan gjerast på er gjennom kunnskap.

Vi trur de aller fleste av oss er motiverte og villige til å bidra til å snu utviklinga. Vi må utvikle og ta i bruk ny teknologi for reisning og rydding av plast i havet. Venstre vil auke støtta til rydding av strender og å fiske avfall frå havoverflata, og auke midlane til forsking rundt marin forsøpling. Med politisk



handlekraft, trur vi det nyttar. Eg vonar flest mogleg blir med på årets ryddeaksjon, og at fleire blir bevisst at vi må slutte å behandle det blå mafatet vårt som ei gigantisk stor søppelfylling.

Lena Landsverk Sande
2. kandidat for M&R Venstre

Senterpartiet vil kjempe for norske sjøfolk

Senterpartiet foreslår i Stortingset å be Regjeringa klargjere at norske lover, føreskrifter og tariffavtalar skal vere overordna EØS-reglar og EU-lovgivning på arbeidslivsområdet.

Hadde det vore gjeldande i Norge, på land og i norske farvatn, kunne ikkje ESA krevje at istadenfor 12 norske stillingar på fleirbruksfarty i NIS, som områdeutvalget gjekk med på, så vart det skifta til å gjelde EØS-borgarar på lavare tarifar og dårlegare arbeidsvilkår enn norske sjøfolk. Utfallet av denne avtalen har vore at norske kokkar og forpleiningsassistentar har blitt sett på land. Då er spørsmålet kor lang tid

det vil ta før øvrig norsk personell vil bli erstatta med bilagare arbeidskraft.

På den måten så kan alle norske sjøfolk i alle stillingar ombord bli skifta ut og billegare utenlandsk arbeidskraft innan EØS kan bli sett inn i fart på norsk sokkel og norske farvatn.

Dette var ikkje avtalen som områdeutvalget, som vart sett ned av Regjeringa i 2014 for å gi tilråding til den nye maritime politikken, gjekk inn for. Difor bør avtalen gjennomgåast på nytt og endrast.

Her meiner Herøy Senterparti at Regjeringa opnar for sosial

dumping på norsk sokkel og i norske farvatn.

Herøy Senterparti vil at norske løns- og arbeidsvilkår skal gjelde både på sjø og land. Vi vil ikkje ha sosial dumping i Norge, korkje på land eller til havs.

Herøy Senterparti vil sikre flest mogleg sjøfolk gjennom krisa som rammar offshore-næringen spesielt hardt.

Forutsigbare rammevilkår og stabilitet må gjelde både for tilsett og arbeidsgjevar.

Herøy Senterparti vil jobbe for at norske løns- og arbeidsvilkår skal gjelde for alle sjøfolk i norske farvatn og på norsk sokkel.

Herøy Senterparti meiner at å sikre norske sjøfolk, er å sikre vekst og busetting i kystkommunar over heile landet og er ein viktig del av ein god norsk distriktpolitikk.

Norske sjøfolk er med på å oppretthalde busetting og kjøpekraft ute i kommunane og langs kysten. Det bur sjøfolk i nesten alle kommunar over heile landet. Å sikre norske sjøfolk jobb i norske farvatn og bevare Norge som sjøfartsnasjon er synonymt med ein god distriktpolitikk.

Der vil Senterpartiet vere fremst.

Jan Nilsen
Nestleiar i Herøy Senterparti



Gløymde kystord skal fram i lyset

– Det hastar å få samla inn gamle ord som blei brukt av folk langs kysten, meiner ei rekke initiativtakarar som no ønsker å lage eit nytt kystordverk.

Det heile starta med at tidlegare dommar ved Den europeiske menneskerettssdomstolen i Strasbourg Hanne Sophie Greve ville bruke ordet «landskugge» i ei bok, men oppdaga då at ordet ikkje var med i Norsk ordbok. Då ho spurde Norsk Språkråd om kvifor, svarte dei at det var eit ord som var gått ut av det norske språket, skriv Fiskeribladet.

Greve har samla fleire andre eldsjeler i Bergen i ei prosjektgruppe som vil starte ein orddugnad for å unngå at fleire ord som blei brukt av folk langs kysten forsvinn. Ho har mellom andre fått med seg

førsteamanuensis ved lærarhøgskulen i Bergen Eldar Heide i arbeidet med å skaffe pengar til å lage eit kystordverk.

– Her vil vi samle inn, dokumentere, systematisere og formidle ord og uttrykk frå tradisjonell kystkultur i Noreg, seier Heide til avis.

Han viser til at desse orda inneheld kunnskap som er utvikla gjennom tusenvis av år og er viktige for sjølvforståinga vår som nasjon. (NPK)

SOLSKJERMING

KORTREIST KVALITET
RETT FRA FABRIKK

NORSOL
NORSOL
FRA MERDE SIDEN 1983

Ring oss: 971 74 463 www.norsol.no